



Einar Marås
Kokstadgrenda 2
5257 KOKSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7766 - 14/27754

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
12.12.2014

Gbnr 88/20 Marås. Løyve til å dele frå parsell.

Eigedom: Gnr.88 bnr.20 Marås
Adresse for eiged.: Maråsvegen, 5955 Lindås
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Einar Marås
Søker: Einar Marås

Saka gjeld:

Det vert søkt om løyve til å dele frå ein parsell på om lag 1500m². Parsellen skal nyttast til oppføring av fritidsbustad for heimelshavar sin son – Rune Marås.

Heile gnr.88 bnr.20 er ein tomt som vart oppretta ved oppmålingsforretning i september 2005. Areal for heile parsellen er 3594m².

Planstatus/dispensasjonar:

Tiltaket ligg i område som er omfatta av kommunedelplan for Lindåsosane. Planen er ikkje ferdig. Førrebels gjeld den gamle kommuneplanen for området, og i denne planen er området LNF.

Det er såleis i utgangspunktet naudsynt med dispensasjon.

Før søknad om deling har heimelshavar søkt om utsleppsløyve for fritidsbustad. Løyve er gjeve i brev frå kommunen datert 19.06.2014.

Det er og søkt om løyve til køyre ut på kommunal veg – Maråsvegen – og løyve er gjeve i brev datert 30.05.2014.

Det ligg føre løyve til å kople seg på borehol på gnr.88 bnr.7.

Ut frå dette og med bakgrunn i at tomte som er søkt delt berre er ein einskildtomt på 3,5da, som er frådelt til føremålet før, meiner administrasjonen det ikkje kan vere naudsynt å handsame søknaden som ein dispensasjonssak. Deling slik det er søkt om endrar ikkje tilhøva på staden og kjem ikkje i konflikt med dei interessene som lov og føresegner skal take i vare.

Nabovarsel:

Det er sendt ut varsel og det er ikkje komme merknad.



Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Tilkomst er planlagt frå kommunal veg via privat veg som alt finst på staden. Det er gjeve løyve til avkøyring.

Vassforsyning er planlagt frå privat fellesvassverk. Løyve til å nyte seg på ligg ved søknaden.

Avløp er planlagt som privat enkeltanlegg. Løyve til utslepp ligg ved.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstam, jf. §26-1, gev Lindås kommunen løyve til å dele gnr.88 bnr.20, slik at bnr. 20 etter deling får ein storleik på om lag 1500m², slik det er søkt om i søknad motteke 05.12.2014.

Det er naudsynt at den frådeltte parsellen på om lag 1500m² beheld bnr.20 etter deling, då alle løyve og avtalar er gjeve til denne parsellen.

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §20-1 og §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld deling av ein eksisterande tomt for fritidsbusetnad, som vart oppretta i 2005. Tomta har ein storleik på vel 3,5da. Ved deling vert tomta omtrent delt i to, og det ligg føre planar for å bygge på den parten som etter deling framleis får gnr.88 brn.20.

Deling fører ikkje til at området endrar karakter, eller at tomt vert teke i bruk til anna føremål . Det fører heller ikkje til endring i tilhøva for tilgjenge, tryggleik, miljø eller helse.

Tilkomst, avløp og vassforsyning til fritidsbustad er godkjend.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Plan- og bygningslova.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke av kommunestyret 20.03.2014 gjeldande frå 31.03.2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Oppretting av eigedom, deling §20-1 kr.7900,-.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Einar Marås

Kokstadgrenda 2 5257

KOKSTAD